

Merknad til Nasjonal Transportplan 2018-2029, tema: Gang- og sykkelveg

Frå dei politiske partia i Norddal kommune: Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Tverrpolitisk liste og Sosialistisk Venstreparti.

Merknad:

Vi meiner at NTP legg altfor lite vekt på planlegging av gang- og sykkelveg utanom byane, t.d. for oss på strekninga Geiranger-Trollstigen.

Grunngjeving:

- Også utanom byane er det vegstrekningar gjennom tettstader og lokalsamfunn som har stor trafikkbelastning. Nasjonal Turistveg Geiranger-Trollstigen er døme på ei slik strekning. Fleire hundre tusen køyrer gjennom tettstaden Valldal, Eidsdal og Geiranger i sommarhalvåret. Den same vegen er skuleveg, arbeidsveg og veg til fritidsaktivitetar for barn og vaksne og ferdselsveg for det store talet hytte- og campinggjestar som bur i kommunen i sommarmånadane.
- Når ein les innleiinga til NTP er berekraft og trafikksikkerheit blant dei viktigaste måla til NTP. I kapittelet om Nasjonal Turistveg kan vi ikkje sjå at desse måla er stetta, tvert i mot står det spesifikt at opplevingane skal sjåast frå bilvindaug. På Nasjonal Turistveg legg ein opp til at det berre skal satsast på bilistar og ikkje takast omsyn til gåande og syklande. Det er verken trafikksikkert eller berekraftig.
- I kapittel 18 om fylkeskommunalt transportsystem er det eit eige avsnitt om kvalitet på vegnettet i NTP. Der er ikkje gang- og sykkelveg eigen kategori når det gjeld kvalitet på fylkesveg. Det er verken trafikksikkert eller berekraftig.
- Gang- og sykkelveg er eit «Kinderegg Pluss»:
 1. trygg skuleveg
 2. betre folkehelse
 3. betre miljø.

Pluss: næring. Kombinasjonen el-syklar og miljø- og helsebevisste turistar har gjort sal og utleige av el-syklar til ei vekstnæring også utanfor byar og tettbygde strok.

